



**Raudt**



« Dersom du er mest enig med Raudt –  
stem ikkje på det nest beste partiet.  
AP og SV har hatt sjansen –  
stem heller fram Raudt! »

**Ingunn Kandal, Høyanger, 1. kandidat**  
**Geir Oldeide, Vågsøy, 2. kandidat**

**Nokre hovudsaker ved stortingsvalet 2013**  
**Tid for å tenkje nytt. Tid for å røyste Raudt!**  
**[raudt.no/sfj](http://raudt.no/sfj)**

[www.pdf-arkivet.no](http://www.pdf-arkivet.no) (2020)

## **Raudt Sogn og Fjordane går mellom anna inn for:**

### **Mot krig – for solidaritet**

- Nei til norsk krigsdeltaking – stopp kjøp av angrepsflya
- Boikott Israel og støtt palestinarane sin rett til sitt eige land
- Etterlev FNs råd om opnare grenser for asylsøkjjarar og flyktningar

### **Ta frå dei rike og gje til fattige**

- 100 % skatt på inntekter over 1,5 mill. kr
- Nullskatt på inntekt under 2 G (for tida 160.000 kr)
- Auka levestandard for dei lågtlønna, arbeidslause og uføretrygda.

### **Ta vare på naturmangfaldet – stopp uopprettelege inngrep**

- Effektiviser energibruken – meir enøk i staden for inngrep
- Reduser utbygginga av vasskraft og vindkraft
- Nei til deponi i Førdefjorden og til dagbrot
- Fiskeoppdrettsanlegg må lukkast
- Redusert olje-/gassutvinning – for komande generasjonar, for klimaet og for anna næringsliv sin del

### **Samferdsle**

- Betre og billigare kollektivtransport
- Sikre vegar og gratisferjer før bruer
- Reduser transportbehovet gjennom desentralisering
- Meir sjøtransport for å redusere presset på meir og breiare veg

### **Statleg styring og kraftavtalar**

- Redusert krafteksport ut av landet
- Utvid verdas reinaste smelteindustri (Bremanger, Høyanger og Årdal)



**« Noreg må ta mot fleire flyktningar og innvandrarar – for deira eigen del, men også fordi dei er ein viktig ressurs for landet »**

**Jaime Concha, Stryn, 4. kandidat**

### **Styrk landbruket for å bremse sentraliseringa**

- Betal årsverk i landbruket som samanliknbare årsverk
- Auka statleg tilskot til matproduksjon og dermed kulturlandskap
- Landbruksbaserte arbeidsplassar der jorda og skogen er, og folk bur
- Auka bruk av utmark til husdyrholdet framfor overforbruket av kraftfôr



## **Verdig arbeidsliv og pensjon**

- Lovfest retten til heiltid
- Gjeninnfør tidlegpensjon frå 62 år slik AFP var
- Heve kvinneløna – minst 3 milliardar til likelønspott
- 6 timars arbeidsdag med full lønskompensasjon er målet
- Mot sosial dumping – slutt på spekulasjon i utanlandsk arbeidsløyse
- Styrk arbeidsfolk sin pensjon – la heller lengelevande grupper jobbe lenger

## **Helse skal ikkje vere butikk**

- Gratis tannhelseteneste no
- Samhandling for folkehelsa sin del – ikkje for pengesparing
- Avvikle føretaksmodellen – innfør folkevalt helsepolitisk styring

## **Makt og velferd til folket**

- Småkommunar har minst avstand
- Utbygging i staden for sentralisering av velferdstilbod
- Reduser privat forbruksvekst for å skape meir offentlig velferd
- Auka statlege økonomiske tilbakeføringar til fylke og kommunar

## **Barnehage og skule**

- Utvida lærarutdanningskapasitet
- Utvida bemanning i barnehagane frå 2014-15
- Oppretthald desentralisert skulestruktur i fylket og kommunar

## **Kultur og idrett**

- Nynorske læremiddel til same tid og pris – no!
- Løyvingar til kultur og idrett som når mange
- Styrk biblioteka og andre gratistilbod



**« Betre offentlege tenester og betre arbeidsvilkår – to sider av same sak. Privatisering og sosial dumping må derfor forhindrast »**

**Randi Aven, Høyanger,  
7. kandidat**

## **Herre i eige hus**

- Ut av EØS
- Ut av Schengen
- Ut av USA sitt NATO



« Thatcher hevda om sitt system at 'There is no alternative'. Thatcher er død, høgrepolitikk må avslørast og raudgrønt held heller ikkje mål. Kampen for sosialisme mot klasseskilja må derfor gjenreisast»

Einar Rysjedal, Høyanger, 10. kandidat

Raudt sitt langsiktige mål er ei verd i økologisk balanse der menneska har like rettar og plikter – uavhengig av bakgrunn, hudfarge og kjønn. Dette er eit samfunn utan klasseskilje og stengde grenser.

Utviklinga går i motsett retning – klasseskilja er tydelegare og det er rovdrift på økosystemet.

Raudt sin strategi skil seg derfor frå både AP og frå SV sin regjeringssiver. Vi arbeider for eit sosialistisk samfunn der bedrifter og kapital er på offentlege hender og styrte av folkevalde. Målet er dekning av menneskelege behov innafor naturen sine tolegrenser.

**Ei stemme til Raudt er viktig sjølv om vi blir ikkje representert frå Sogn og Fjordane. Kvar einaste stemme tel i kampen om utjanningsmandat. Stem derfor heilt raudt!**

#### **Raudt si valliste for Sogn og Fjordane**

1. Ingunn Kandal, Høyanger
2. Geir Oldeide, Vågsøy
3. Oddveig Lyngstad, Askvoll
4. André Haave, Flora
5. Dagmar Falkenstein, Naustdal
6. Jaime Concha, Stryn
7. Randi Aven, Høyanger
8. Anders Hamre Sveen, Stryn
9. Thea Irene Rasmussen, Bremanger
10. Einar Rysjedal, Høyanger

#### **Raudt Sogn og Fjordane**

E-post: [inkan@online.no](mailto:inkan@online.no)

Telefon: 464 77 723



# Raudt